

## Johann Roppen

---

**Fra:** Johann Roppen  
**Sendt:** torsdag 27. august 2020 14:51  
**Til:** ALLE-Campus  
**Emne:** NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 29/2020, 27. AUGUST

### NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 29/2020, 27. AUGUST

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, [jr@hivolda.no](mailto:jr@hivolda.no).

[Arkiv med tidlegare nyhendebrev.](#)

### FØRSTE KORONA-TILFELLE VED HØGSKULEN

Ein student ved Høgskulen i Volda har fått påvist koronasmitte. Studenten har ikkje delteke i Fadderveka eller på undervisning på høgskulen. Smittevernet i Volda opplyser at det er kjent korleis studenten har vorte smitta og at det er ei kopling til smitteutbrotet i Bergen der mange studentar på [fleire høgskular og universitetet](#) har vorte smitta. Studenten er i isolasjon og "nærkontaktar" er i karantene. [Følg med på nettsidene våre.](#)

### KORONA-INFORMASJON PÅ NETTSIDENE TIL VOLDA KOMMUNE

Det er Volda kommune som har ansvar for smittevern og smittesporing i Volda kommune. Her er informasjon om lokale koronatiltak, testing og anna på nettsidene til Volda kommune: <https://www.volda.kommune.no/beredskap/>

### HELGE ORTEN (H) BESØKER HØGSKULEN

[Storingsrepresentant Helge Orten](#) (Høgre, Møre og Romsdal) besøker Høgskulen i Volda fredag 28. august. Orten er interessert i å få meir informasjon om utviklinga av høgskulen og høgskuleområdet og utfordringar og mulegheiter for høgskulen i åra som kjem.

### FJORDANTOLOGIEN 2020: "DIGITAL SAMHANDLING"

Fjordantologien 2020 «Digital samhandling», ei samling artiklar om digitalisering og samfunnsendringar, er eit resultat av Fjordkonferansen 2019. Det redaksjonelle arbeidet er utført av Lars Julius Halvorsen, Ivar John Erdal, Wenke Mork Rogne og Roar Stokken ved Høgskulen i Volda. [Les meir på nettsidene våre.](#)

### SAMARBEID MELLOM VOLDA, ÅLESUND OG MOLDE: 90 STUDENTAR PÅ VIDAREUTDANNING I HELSELEIING:

Det er rekordmange studentar som har takka ja til vidareutdanninga i helseleiing hausten 2020. Heile 90 studentar har sagt ja til tilbodet som er eit samarbeid mellom Høgskulen i Volda, Høgskolen i Molde og NTNU i Ålesund. Studiet er eit deltidsstudium med åtte samlingar i Volda og den første samlinga er lagt til Uppheim på grunn av koronaen. [Dosent Alf Roger Djupvik](#), ASH, er fagleg koordinator for tilbodet ved Høgskulen i Volda. [Les meir på nettsidene våre.](#)

### STUDENTPRISEN TIL DAVID BERNATEK (HISTORIE/KULTURMØTE)

Den årlege studentprisen vart delt ut ved studiestart og i år gjekk prisen til David Bernatek, velferdsansvarleg i studenttinget. Prisen gjekk til David fordi han har bidratt til å skape gode møteplassar for studentar. Ein av dei som nominerte David skreiv: "Han gjør at folk føler seg velkommen på skolen, han tok meg imot allerede fra første dagen min her, og gjorde meg trygg på Høgskulen i Volda." David har student historie men tek hausten 2020 til på mastergrad i Kulturmøte. [Les meir om prisen og om David på nettsidene våre.](#)

### MANGE LEDIGE PHD-STILLINGAR: SEMINAR FOR INTERESSERTE SØKARAR

Høgskulen lyser ut heile [14 stillingar som doktorgradsstipendiat på dei fleste av våre fagområde](#) og no får søkarar som er interesserte i ei av stillingane tilbod om å delta på eit gratis søkeseminar på høgskulen. Søkeseminarer blir [arrangert av høgskulen 4. september og du kan følge med på video.](#) [Professor Kjartan Leer-Salvesen](#), ASH, er koordinator for søkeseminarer.

### OMBYGGING AV HANS STRØM-HUSET: EIN HALV MILLION FRÅ STATSBYGG

Statsbygg eig Hans Strøm-huset og i samråd med høgskulen har no Statsbygg sett av ein halv million i 2020 for å planlegge ombygging av huset. Hans Strøm-huset vart bygd i 1984 og treng blant anna nytt ventilasjonsanlegg. Det er også nødvendig å bygge om huset når Avdeling for mediefag flyttar sine undervisningsrom inn i det nye mediehuset våren 2021. [Les meir om husa på høgskuleområdet.](#)

#### **VIL DU HA TRYGG LAGRING AV TEAMS? BRUK RETT NAMN**

Fleire og fleire brukar Microsoft Teams, og IT-kontoret minner om at HVO har innført felles reglar for namn på Teams. Teams som skal brukast av mange og lenge bør absolutt følgje desse namnereglane. Både fordi det blir lettare å finne igjen rett Teams, men også fordi det berre er Teams som følgjer namnereglane som automatisk blir lagra på ein sikker måte i systemet. [Retningslinjer for namn i Teams finn du her.](#)

#### **PUBLISERINGAR (1): SEND GJERNE TIPS!**

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar i nyhendebrevet, så send meg gjerne informasjon når du har lenke til ei bok, ein tidsskriftartikkel, ein kronikk eller anna du har fått publisert.

#### **PUBLISERINGAR (2) FJORDANTOLOGIEN 2020 ER UTE: "DIGITAL SAMHANDLING"**

Fire forskarar frå Høgskulen i Volda har redigert Fjordantologien 2020. Dei fire er Lars Julius Halvorsen, AMF, Roar Stokken, ASH, Wenke Mork Rogne, AHL, og Ivar John Erdal, AMF. Av dei 20 artiklane i boka har 14 forskarar frå Høgskulen i Volda bidrege i 8 av artiklane. Andre bidragsytarar kjem frå Høgskolen i Molde, NTNU i Ålesund, Møreforskning, Høgskulen på Vestlandet, Vestlandsforskning, Aalborg universitet og frå skuleverket.

Bidrag der forskarar ved Høgskulen i Volda er representerte:

- [Lars Julius Halvorsen](#), [Roar Stokken](#), [Wenke Mork Rogne](#) og [Ivar John Erdal](#): Digital samhandling
- [Roar Stokken](#) og Tom Børsen: Scientifical literacy in a digital world
- [Erling Sivertsen](#): Kardashianiseringen av fotografier i sosiale medier
- [Gaute Hareide](#): A Man One Step Ahead of his Feet. A critical view on the documentary value og digital photographs
- [Marit Brekke](#): Book Creator og bruk av literacy-praksiser i undervisningen
- [Lina Rebekka Kobberstad](#), [Siv M. Gamlem](#) og [Wenke Mork Rogne](#): Begynnaropplæringa i skiving med og utan nettbrett - lærarar sitt utgangspunkt for tilpassa opplæring
- [Frode Opsvik](#), [Kim André Stavenæs Refvik](#) og [Odd Helge Mjøllem Tonheim](#): Korleis kan ein lærar vurdere matematikkoppgåver i digitale oppgåvedatabasar?
- Marcin Fojcik, [Martyna K. Fojcik](#), Pål Andre Hegland, Lars Kyte, Toril Gerd Midtbø, Bjarne Pollen, Joar Sande, Olav Sande: Praktisk digitalisering av høgskuleundervisning - erfaringar frå forelesarar og studentar

Alle artiklane er tilgjengelege i Fjordantologien 2020: [https://www.idunn.no/digital\\_samhandling](https://www.idunn.no/digital_samhandling)

#### **PUBLISERINGAR (3) KATE KARTVEIT I TIDSSKRIFTET JOURNALISM**

Påtroppande dekan [Kate Kartveit](#), AMF, har publisert artikkelen "[How do they do it? Multimedia journalism and perceptions of the practice](#)" i tidsskriftet [Journalism](#) (nivå 2).

#### **PUBLISERINGAR (4) TO ARTIKLAR AV HARALD TAFJORD**

[Førsteamanuensis Harald Endre Tafjord](#), ASH, har publisert to artiklar. Den første er: «[Historie, identitet og det fleirkulturelle samfunnet – ein analyse av lærebøker i historie for ungdomstrinnet](#)». I tidsskriftet [Nordidactica – Journal of Humanities and Social Science Education](#). Den andre artikkelen heiter: «[A cross-cultural friendship in the Chronica Adefonsi Imperatoris – the case of Zafadola and King Alfonso VII of Castile-León](#)» og er publisert i antologien *Conflict and Collaboration in Medieval Iberia som er redigert av Kim Bergqvist, Kurt Villads Jensen og Anthony John Lappin* og utgitt på forlaget Cambridge Scholars Publishing

#### **PUBLISERINGAR (5) ARTIKKEL AV RUNE KRUMSVIK I NORDIC JOURNAL OF DIGITAL LITERACY**

[Professor II Rune Krumsvik](#), AKF, har publisert artikkelen "[Home schooling, remote teaching and digital Bildung in societal crisis](#)" i tidsskriftet [Nordic Journal of Digital Literacy](#).

#### **PUBLISERINGAR (6) PEDER HAUG HAR PUBLISERT ARTIKKEL I TIDSSKRIFTET PAIDEIA**

[Professor Peder Haug](#), AHL, har publisert artikkelen "[Pedagogisk forskning og pedagogisk praksis i Noreg](#)" i tidskriftet Paideia.

#### **PUBLISERINGAR (7) PEDER HAUG HAR REDIGERT ANTOLOGI: "TILPASSET OPPLÆRING"**

[Professor Peder Haug](#), AHL, har saman med Mirjam Harkestad Olsen redigert artikkelsamlinga: "[Tilpasset opplæring](#)" som har vorte gitt ut av Cappelen Damm Akademisk. Haug og Olsen har også ein artikkel med same namn i boka.

#### **PUBLISERINGAR (8) RANDI MYKLEBUST HAR PUBLISERT ARTIKKEL I "TILPASSET OPPLÆRING"**

[Førsteamanuensis Randi Myklebust](#), AHL, har publisert artikkelen "Tilpasset opplæring i det flerkulturelle klasserommet" i antologien "[Tilpasset opplæring](#)" som er redigert av Mirjam Harkestad Olsen og Peder Haug.

#### **MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2020**

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.](#)

4.9.2020: [Søkeseminar for ph.d.-utlysingar \(Zoom\)](#)

10.9.2020: [Styremøte](#)

18.9.2020: [Forskingsdagane - Utdeling av FOU-prisen 2020](#)

23.-24.9.2020: [Karrieredagane](#) (digitalt)

1.-4.10.2020: [Animation Volda](#)

23.10.2020: [Disputas Kim-Daniel Vattøy](#), NTNU

28.-29.10.2020: [Utdanningsdagane](#) (digitalt)

28.-29.10.2020: [Styreseminar og styremøte](#)

11.-12.11.2020: [Fjordkonferansen 2020](#), Loen

17.11.2020: Nettverkssamling Regional- og næringsavdelinga Møre og Romsdal fylkeskommune, Hotell Ivar Aasen

10.12.2020: [Styremøte](#)

#### **LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA**

<https://www.hivolda.no/stilling>

#### **REKTORBLOGGEN**

[15.8.2020: Korona 2.0: Robust 2.0?](#)

[18.8.2020: Velkomsttale til nye studentar](#)

[18.8.2020: "Welcome to Volda, new students"](#)

#### **[Alle innlegga på rektorbloggen](#)**

#### **HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.**

[Facebook](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[HVO-bloggar](#)

[Nynorsksenterets blogg.](#)

[Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget](#)

[Nytt om bygging av nytt mediehus](#)

[Nytt om bygginga av Volda Campus Arena \(Volda kommune\)](#)

[Volda Campus Sparebank1 Arena: Minutt-for-minutt-bilde](#)

[Studentheimane på Heltne: Minutt-for-minutt-bilde](#)

[Mediehuset - nytt om huset og bilde av bygginga](#)

Med venleg helsing

**Johann Roppen**

Rektor

Høgskulen i Volda

Telefon: 47 28 64 23

[www.hivolda.no](http://www.hivolda.no)

